



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 23.12.2025

Vår ref.: 201102292-76 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om planendring og forlengd byggjefrist for Tysso kraftverk i Ulvik Herad, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Tysso Kraftverk AS om planendring for Tysso kraftverk i Ulvik kommune. Dei har også sendt ein søknad om å få forlengt byggjefristen med fem år, til 20.05.2031.

Etter NVE si vurdering krevst det ikkje kunngjering og brei offentleg høyring av søknadane om planendring og forlengd byggjefrist for Tysso kraftverk. Søknadane blir difor send på avgrensa høyring til Ulvik Herad, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland Fylkeskommune og dei som har uttalt seg til den opphavlege konsesjonssøknaden. Høyringsfristen er 17.02.2025.

Bakgrunn for saka

Energidepartementet (ED) gav konsesjon til å byggje Tysso kraftverk 20.05.2021. Den 30.09.2022 fekk NVE ein søknad frå Tysso kraftverk AS om planendring for Tysso kraftverk. NVE sendte planendringa på høyring 17.04.2024. Etter nye detaljvurderingar av prosjektet ønskjer søkjaren å gjere ytterlegare endringar. Endringane er så omfattande at dei går ut over vilkåra i konsesjonen frå 2021, og Tysso kraftverk AS søker difor no om ny planendring. Den nye søknaden om planendring erstattar søknaden frå 2022.

Kva blir det søkt om?

Søknad om planendring

Tysso kraftverk var planlagt med ein vassveg der røyrgate var nedgraven i nedre del. Den konsesjonsgjevne traséen for røyrgate ligg i skredfarleg terreng. I staden for ei nedgraven røyrgate, blir det no søkt om å byggje tunnel og sjakt heile vegen. I konsesjonen vart det gitt løyve til å bruke kraftstasjonen til Ulvik I til Tysso kraftverk. Konsesjonæren planlegg no å byggje kraftstasjonen i fjell. Etableringa av kraftstasjonen gjer det naudsynt med ein mellombels anleggsveg med tilhøyrande riggområder og tilkomstveg over Ilflaten, som er bandlagt etter kulturminnelova.

Alle endringar kommer fram av søknaden med vedlegg, som er tilgjengeleg på NVE si nettside:

www.nve.no/9070/V.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Søknaden skal behandlast etter reglane i vassressurslova kapittel 3.

Søknad om forlengd byggjefrist

Fristen for å byggje Tysso kraftverk er 20.05.2026. Arbeidet er ikkje starta enno, fordi konsesjonæren ønskjer å velje ei anna løysing enn den som låg til grunn for søknaden om planendring frå 2022. Tysso Kraftverk AS søker difor om løyve til å forlengje byggjefristen med ytterlegare fem år, til 20.05.2031.

Det følgjer av vilkårspost nr. 2 i vassdragskonsesjonen at konsesjonær må starte bygging av kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonsdato, og fullføre bygging innan fem år til. Fristen kan forlengast av NVE.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

Gjennom høyringa ønskjer NVE å få inn synspunkt på endringane som er presenterte i søknaden. Vi ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngeevne forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av planane. Vi presiserer at vi ber om synspunkt på endringane i planane, og ikkje generelle kommentarar til utbygginga.

NVE skal også vurdere om det har komme inn nye moment i saka som tilseier at byggjefristen ikkje bør forlengjast. NVE ønskjer derfor tilbakemelding på om det har oppstått nye forhold sidan konsesjonssaka vart behandla i 2021.

Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre partar som bør få høve til å uttale seg. Vi ber Statsforvaltaren særleg vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er behov for fleire utgreiingar.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Fråsegn kan sendast inn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9070/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 201102292 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 201102292 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **17.02.2025**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom fråsegna er lange, er det derfor ein fordel om det blir utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Til heradet

Vi ber Ulvik herad om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Med helsing

Malin Solheim Olsen

Rådgjevar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Dagfinn Aarekol
STATENS VEGVESEN
STATNETT SF - Kjetil Helland
ULVIK HERAD
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland
Jan Arvid Gjørn
Sjur Sponheim
Marit Aarekol
Ulvik Sportsfiskarlag
Egil Klubben
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

HARDANGER ENERGI AS - Magne Alpen
Tysso kraftverk AS